



Dei det gjeld

Referansar:

Dykkar:

Vår: 16/2141 - 17/4033

Saksbehandlar:

Mette Fauskanger

Mette.Fauskanger@radoy.kommune.no

Dato:

27.03.2017

Høyringsnotat til Forskrift om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester

Bakgrunn

Stortinget vedtok 13. juni 2016 endringar i Pasient- og brukarrettighetslov samt Helse- og omsorgstenestelov. Grunnlaget for lovendringane er Prop.99 L (2015-2016) og Inst. 372 L (2015-2016) jf følgjande lenker:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-99-l-20152016/id2483443/>

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/innstillinger/Stortinget/2015-2016/inns-201516-372/>

Pasientar som oppfyller kriterier for tildeling av langtidsopphald eller opphald i tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester etter helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 a andre ledd, har rett til vedtak jf pasient- og brukarrettighetsloven § 2-1 e, første ledd. Rettighet er knytta til helse- og omsorgsfagleg vurdering av kva tilbod som kan sikre pasient naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Endring i helse- og omsorgstenestelov § 3-2-a gjev kommunen ei plikt til å utarbeide ei forskrift med kriterier for tildeling av langtidsopphald eller tilsvarande bustad. Kommunen skal fatte vedtak om kriteriane er oppfylt, og føre venteliste over pasientar som venter på langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarande bustad.

Forskrifta skal og omfatte pasientar som ville vere best tent med eit slikt opphald, men kor det er forsvarleg at vedkomande bur i eigen heim i påvente av eit opphald, samt korleis kommunen skal følge opp i ventetida.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



Lokal forskrift skal bidra til at tildelingsprosess er forutsigbar og kjent, og føremålet er slik sett mellom anna:

- å styrke rettane til omsorgstrengande i praksis
- å forplikte kommunane sterkare til å innfri dei plikter dei har
- å tydeleggjere at alle med omsorgsbehov skal få ei vurdering om rett omsorgsnivå som ikkje er knytta til kommunen sin kapasitet her og no

Radøy kommune

Virkeområde til denne forskrifta er tildeling av langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarande bustad tilrettelagt for heildøgns tenester.

Radøy kommune har ulike tenestetilbod til personar med helse- og omsorgsbehov. Desse er knytta til ulike tiltaks- og ressursnivå jamfør begrepet omsorgstrappa. Tenester på ulike nivå vert tildelt via enkeltvedtak, og aukande individuelle hjelpebehov vert vurdert kompensert med aukande og meir omfattende tenestetilbod/ressursinnsats av ulik art. Kommunen nyttar her prinsippet om lågaste effektive omsorgsnivå (LEON) ved tildeling av tenester. Dette påvirker korleis kriteriane i forskrifta er utforma.

For å bli vurdert med behov for langtids plass i sjukeheim eller tilsvarande bustad skal hjelpebehovet vere omfattande, vanskeleg å tidfeste og andre tenester i omsorgstrappa kan ikkje dekke behov for naudsynt og forsvarleg helse- og omsorgstenester. Det betyr at personar med middels til store hjelpebehov vil få tenester i heimen så lenge dette er forsvarleg.

Det er viktig å merke seg at vedtak om plass på venteliste for langtidsopphald eller tilsvarande bustad ikkje gjev fortrinnsrett når det vert ledig plass for ny tildeling. Seinare plasserte pasientar på venteliste, eller nye pasientar, vil kunne få plass først om deira behov er vurdert større på tildelingstidspunktet.

Høyring

Radøy kommune skal sikre at forskrifta er så godt opplyst som mogleg før endeleg vedtak i kommunestyret jf forvaltningsloven § 37. Innhenting av synspunkt og høyringssvar frå ulike partar inngår i dette.

Formkrav og kunngjering følgjer av Forvaltningslova § 38, og den kommunale forskifta skal mellom anna kunngjerast i Norsk Lovtidend.

Høyringdokumentet «Forskrift om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester i Radøy kommune» er tilgjengeleg på kommunen si heimeside <http://www.radoy.kommune.no/>

Høyringsfrist

Frist for å gje høyringssvar er onsdag 22. mai 2017.

Høyringssvar vert å sende skriftleg til Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER eller til postmottak@radoy.kommune.no

Høyringsinstansar

Dette er ei open høyring som alle kan svare på, både lag- og organisasjonar samt privatpersonar.

Framdrift

Formannskapet hadde møte 04.05.17 sak 17/2141 godkjent at forskrift vert sendt på høyring. Formannskapet vil vurdere eventuelle høyringssvar i eige møte 01.06.17 før oversending til kommunestyret for endeleg vedtak 15.06.17.

Forskrifta trer i kraft etter vedtak i Radøy kommunestyre frå og med 01.07.17.

Med helsing

Mette Fauskanger
kommunalsjef helse og omsorg

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Dei det gjeld